

Plan for overgangen mellom barnehage og skule



**Planen gjeld for Tonning skule, Tonning barnehage, Vikalida
barnehage og Stryn Bedriftsbarnehage**

Revidert oktober 2014

Innholdsliste

1. Innleiing

2. Frå barnehagebarn til skulebarn

3. Målsetting med samarbeidet

4. Forventningar til samarbeid

5. Skulen og SFO
 - a) Plan for overgang barnehage til skule
 - b) Innhald og forventningar til 1.klasse
 - c) Plan og innhald skulefritidsordning

6. Barnehagen
 - a) Plan for samarbeid mellom barnehagane
 - b) Innhald barnehagen
 - c) Innhald barnehagen/ med fokus siste året i barnehagen

7. a)Årshjul for overgang barnehage til skule
 - a) Plan for møteverksemd gjennom året

8. Overføring av opplysningar mellom barnehage/skule

9. Samarbeid med andre instanser

10. Evaluering av plan

Vedlegg;

- Kommunal prosedyre for overføring av informasjon frå barnehage til skule.
- Prosedyrer for utviklingslogg
- Utviklingslogg
- Samtykkeskjema
- Førskulesang



1. Innleiing

Med bakgrunn i rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver og prinsipper for opplæringen, har både barnehage og skule et ansvar for å legge til rette for et samarbeid mellom de to institusjonene.
(Veileder KD 2011, Frå eldst til yngst)

Gode prosedyrar for overgangen mellom barnehagen og skulen er viktig for å skape tryggleik og ein god skulestart for barna som startar på skulen.

Målet med planen for overgangen barnehage – skule er at alle barn skal få ein god skulestart og oppleve overgangen mellom barnehage og skule som positiv og trygg.

I forordet til Stortingsmelding nr 24 «Framtidas barnehage» står det fylgjande;

«En god barndom varer hele livet. Vi formes mest som mennesker når vi er yngst. Å bidra til at alle barn får en god start i livet er det viktigste vi kan gjøre som samfunn. Barn som vet hvordan de kan få venner og beholde venner, har trygghet og sosial kompetanse med seg resten av livet. Barn som oppmuntres til nysgjerrighet og til stadig å forstå og lære noe nytt, har et godt utgangspunkt for videre utvikling. Barn som leker og lærer sammen med andre barn, har med seg verdier som respekt og toleranse for ulike mennesker.»

Dette er viktig kunnskap då det seier noko om betydninga av tidleg innsats og at det er ein samanheng i barnets ulike læringsmiljø.

Denne planen har som mål å styrkje samanhengen mellom barnehagen og skulen. Kunnskap og erfaring frå barnehagen skal vere plattform for arbeidet i skulen dei første åra. Dette krev at barnehage og skule har gjensidig kjennskap til kvarandre sitt arbeid. Slik vil ein leggje til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som tek omsyn til det einskilde barn sine behov.

Pedagogiske refleksjonar og menneskesyn vil være viktige faktorar i samarbeidet mellom barnehage og skule. Denne planen er utarbeida for å vise kva innhald, rutiner og møtepunkt som er gjeldande for at det skal bli ein best muleg overgang mellom barnehage og skule.

Barnehagane, skulane og dei føresette må vere i god dialog når det gjeld overgangane. Det inneber at alle partar kjenner til "Prosedyrar for overgang barnehage-skule" og at den er inkludert i andre planar.

Som ramme for denne planen har vi teke utgangspunkt i rettleiar utgitt av Kunnskapsdepartementet, «Frå eldst til yngst» som seier noko om kva det skal vere fokus på i denne tida. Lov om barnehagar og rammeplan for barnehagar er også retningsgjevande for arbeidet.

I planen er det utarbeida eit årshjul som gjev oversikt over ulike tiltak i overføringsprosessen, og om kven som har ansvar for gjennomføringa og til kva tid tiltaka skal gjennomførast.

Planen gjev også eit oversyn over kva forventningar til dugleik som barna skal ha med seg frå barnehagen og kva mål barna skal gjennom det første året på skulen.

I vedlegga til planen finn ein ulike skjema som vert nytta i arbeidet med å sikra ein god overgang frå barnehage til skule. Bl.a. er det viktig å nytta samtykkeskjema for at foreldra godkjenner at informasjon vert overlevert. Barnehagane knytt til Tønning krins nyttar utviklingslogg. Denne blir utfylt av barnehagen i nært samarbeid med foreldra.



2.Frå barnehagebarn til skulebarn

Eit barn som er ferdig i barnehagen og skal starte på skulen, går frå ein arena til ein annan. Dei skal gå frå det kjende til det ukjente. Barn og foreldre skal kjenne seg trygge og ha tillit til at samarbeidet mellom barnehage og skule fungerer godt.

Barn og unges læringsmuligheter må byggast opp stein på stein. Å oppleve sammenheng mellom barnehage og skule og være trygg i overgangsfasen gir et godt grunnlag for det vidare opplæringsløpet. Det er viktig å erkjenne at overgangsprosesser er sårbare og kan støtte eller svekke et barns utvikling, sjølvbilde og livskompetanse. I arbeidet med å legge til rette for sammenheng, samarbeid og en god overgang er det viktig at barnehagens og skolens særpreg og ulike mandater opprettholdes. Likskap og skilnader i barnehage og skule skal takast vare på, samtidig som begge institusjonene har ansvar for å utvikle et samarbeid som ivaretar sammenhengen i barnas opplæringsløp. (Veileidar KD, 2011)

Det siste året i barnehagen er fyst og fremst eit år der barnet skal vere eit barnehagebarn. Samtidig er barnet på veg mot skulen og det er barnehagen, foreldra og skulen sitt ansvar at denne overgangen blir så god som mogeleg.

Det er viktig å ikkje fokusere for tidleg på at barnet skal starte på skulen. Erfaringsmessig er det ofte dei vaksne som er mest opptekne av at barna skal begynne på skulen, ikkje barna sjølve. La barna få vere barnehagebarn så lenge som mogeleg.

Den første planen for overgangen barnehage til skule for Tønning krins vart utarbeida allereie i 1997. Planen vart sist revidert i 2010. Ny revisjon i 2014 er ei vidareføring av samarbeidet mellom barnehagane, og mellom barnehage og skule.

Planen skal vere eit dokument som sikrar struktur, møtepunkt og kvalitet på innhaldet i samarbeidet.

3.Målsetting med samarbeidet

- Samarbeidet skal ha fokus på at det vi gjer skal vere til barnet sitt beste. Barnet sitt første møte med skulen **skal vere positivt**.
- Gjennom besøksopplegg med skulen, og samarbeid mellom barnehagane skal barnet **gradvis tilvennast** frå å vere eit barnehagebarn til å bli eit skulebarn.
- Viktige målsettingar for samarbeidet er; **Trivsel, tryggleik og tillit**.
- Eit barn som er **trygg** vil lettare trivast. Eit barn som **trivast** vil lettare lære. Eit barn som **lærer** vil få tru på seg sjølv. Eit barn som har **tru på seg sjølv**, vil takle **utfordringar**.



4. Forventningar til samarbeid

Forventningane til samarbeidet er knytta til korleis vi ynskjer innhaldet i dei ulike besøksopplegga skal vere, og korleis dei personalet opptrer i dei ulike situasjonane.

Forventning til skulen	Forventning til barnehagen
Ein godt førebudd lærar som ynskjer alle velkomne, presenterer seg. Først og fremst kontakt voksen/ barn.	Personalet frå barnehagen skal vere godt førebudd og kjenne til innhald i tilvenningsplan. Barna som kjem til skulen skal vere godt førebudd av barnehagen.
Vi ser det som viktig at alle besøk/ opplegg fortrinnsvis startar inne. Og at alle besøk startar med ei kort presentasjonssamling. a) Vaksne og barn presenterer seg. d) Kort informasjon om opplegg for dagen. b) Eventuelt spørje kva forventningar barna har til besøket.	Personalet frå barnehagen bør halde seg i nærleiken, og hjelpe dei barna som har behov for det. Følgje barnet sitt initiativ og ha ei støttande rolle. Hugs tida er til disposisjon for barna.
Fortelle litt om klasserom, uteleikeplassen, toalett og garderober. Fortelle om læraren si rolle på skulen. Læraren er der for å hjelpe/støtte barna. Barna må ta kontakt om dei treng hjelp til noke. Dra parallellar til barnehagen og korleis dei har det der.	Barnehagen skal i god tid informere foreldra om kva som skal skje på skulebesøka. Besøksprogram må i god tid sendast ut til foreldra.
Dialogen med barna er viktig. Ta kontakt med barnehagebarna framfor å snakke med personalet i barnehagen. Hugs tida er til disposisjon for barna.	Personalet frå barnehagen skal vere aktive, og delta på dei aktivitetane som lærar legg til rette for. Støtte/ hjelpe dei barna som treng det.
Lærar styrer samlinga eller aktiviteten, og gjev beskjed til barnehagepersonalet om kva rolle dei skal ha under besøket/ aktiviteten.	Personalet deltek i aktivitetar og opplegg ut i frå kva ynskjer lærar har for hjelp.
Snakk ikkje over hovudet til barnet. Vend deg alltid til barnet med spørsmål.	Snakk ikkje over hovudet til barnet.
Personalet har teieplikt og kan ikkje svare på spørsmål om barnet sin oppførsel o.l Opplysningar om barnet blir overført i andre formelle fora.	Personalet har teieplikt og skal ikkje svare på spørsmål om barnet sin oppførsel o.l. Opplysningar om barnet blir overført i formelle fora.

5.Skulen

a. Plan for overgang barnehage til skule

Aktivitet/ opplegg	Målsetting/ innhald	Tids- punkt	Ansvarleg
Innskriving	Møte barna (første møte/ observasjon) Informasjon til foreldra om skulen Adm. rutinearbeid	Før 15. nov.	Rektor
Fadderordning	Det skal kjennast trygt å ha ein stor elev som venn på skulen. Lære å ta ansvar og vise omsorg for ein som er mindre.	Sjå plan for skule- besøk	Kontaktlærarane på trinn 5 er ansvarlege for å få i gang fadderordninga. Når elevane er starta i første klasse vert ansvar for oppfølging delt med dei nye kontaktlærarane.
Besøksdagane	Bli kjend både med romma, fadderane og andre elevar. Bli kjend med SFO	Sjå plan for skule- besøk	Lærarane på det trinnet som får besøk. Dagleg leiar SFO har ansvar for SFO-besøk.
Førskuledagane	Elevane får møte lærarane sine og lærarane får møte elevane i klassen/gruppa. Elevane får vere i dei romma dei skal ha til hausten og dei får eit første møte med aktivitetar og rutinar i første klasse	To halve skule- dagar før 15. juni	Dei lærarane som skal utgjere team 1 til hausten. (Unntak er lærarar som ikkje jobbar på Tønning om våren) Det er foreldra som har ansvar for å fylgje barnet til skulen og hente barnet når skuledagen er ferdig. Personalet frå barnehagen er med på førskuledagane.
Foreldremøte	Foreldra får møte lærarane etter førskuledagane. Praktisk informasjon.	I samb. Med førskule dagane	Dei lærarane som skal utgjere team 1 til hausten.

5.Skulen

b. Innhald og forventingar til 1.kl.

Skape trygghet:

For at overgangen frå barnehagen til skulen skal bli lettast mogleg legg skulen stor vekt på å bygge opp eit trygt og godt læringsmiljø frå starten av. Dei første vekene vil vi legge vekt på å skape eit trygt klassemiljø. Skulen skal presentere klare dagsplanar og god informasjon til elevane om kva som skal skje.

Praktiske forventingar:

Når førsteklasingen møter på skulen vil han/ho møte ulike kompetansemål i dei ulike faga, samt sosiale mål.

For å nå kompetansemåla, og slik at overgangen skal bli lettast mogleg er det ein fordel at borna kan dette:

- Kle på og av seg sjølv
(Vite kva ein eig og henge opp kledda sine)
- Vente på tur
- Ta opp og ned frå sekken
- Kunne ta imot ein felles beskjed
(T.d Gå og hent leseboka di i hylla!)
- Tørke seg sjølv og vaske hender ved toalettbesøk.
- Lyde namnet sitt

Skulen forventar at foreldra:

- Ser i meldemappa kvar dag, at dei les vekeplanen og fylgjer opp det som står der.
- Passar på at borna til ei kvar tid har nok skiftekle.
- Gjev tilbakemeldingar dersom det skjer endringar med barnet, eller dersom dei har spørsmål eller ting dei vil ta opp med skulen. Foreldra er bindeledd mellom barnet og skulen og skulen vil gjerne ha så god kontakt som mogleg.

Fagleg gjennomgang

I første klasse vil ein gå grundig igjennom dei store og dei små bokstavane i norsk.

I matematikk vil ein gå grundig igjennom tala opp til 20

I engelsk vil ein arbeide med substantiv, tal og fargar

Sjølve årsplanen med det faglege innhaldet i 1.kl vil foreldra få kjennskap til på det første foreldremøtet.

5.Skulefritidsordninga(SFO)

c) Plan og innhald skulefritidsordning

Vi strekkjer oss etter å legge til rette slik at alle barn får ein god start på skulen. Det er like viktig å strekke seg etter at alle barn som skal gå på skulefritidsordninga, får ein god start her. Mange av barna klarar ikkje heilt å skilje mellom kva som er skule og kva som er SFO den første tida etter dei tek til på skulen/SFO. Derfor må både barnehagen, foreldra og SFO-tilsette hjelpe barnet til å forstå kva som skil skule og SFO. Det er også viktig at foreldre, barn og tilsette opplever at skule og SFO "heng saman" – at SFO er ein del av skulekvardagen. Det skal vere heilskap i opplæringsløpet og gode rammer for vekst og tryggleik. Heilskap og samanheng er særleg viktig i overgangen når barnet sluttar i barnehagen og tek til på skulen/SFO. Derfor skal barna besøke ikkje berre skuleklassar men også SFO før dei tek til på skulen.

Vi i skulefritidsordninga skal bu oss godt på å ta imot barna både når dei kjem på besøk om våren, og når dei tek til på skulen/SFO om hausten. For mange barn som skal byrje på skulen, er skulefritidsordninga deira første møte med skulen. Dei barna som tek til på SFO før skulestart i midten av august, skal oppleve ein like god start som dei barna som tek til når skulen startar. SFO må sende ut informasjon, årsplan m.m. i god tid før skule-/SFO-start, slik at barn og foreldre kan få eit innblikk i særpreg, innhald og opplegg i SFO.

Informasjon skal vere gjensidig mellom heimen og skulen/SFO. Foreldre har like mykje høve til medverknad i SFO som i skulen. Vi på SFO skal lytte til foreldre sine forventningar til oss, og vere tydelege i kva vi forventar av foreldra.

Foreldre skal godkjenne informasjonsoverføring frå barnehage til skule og har mulegheit for aktiv medverknad i denne. Nødvendig informasjon bør også bli overført til SFO, då oppfølging og støtte til barnet er like viktig i SFO som i skulen, sjølv om vi har ulikt fokus i innhald.

Overgangsprosessen er sårbar, og SFO si oppgåve, som i skulen, er å støtte alle barns utvikling, sjølvbilde og livskompetanse.

Skulefritidsordninga bygger på Opplæringslova §13-7. Der står det m.a.:

"Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1. – 4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1. – 7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. ..."

- Stryn kommune har opna for at alle barn frå 1. – 7. trinn kan vere på SFO, uavhengig av funksjonsnivå.
- I tillegg til leik, kultur- og fritidsaktivitetar er SFO ein viktig arena for læring og utvikling. Eitt av måla våre er balanse mellom tilrettelagt aktivitet og den viktige frileiken.
- SFO-tid skal vere fritid for barna. Mange barn går på SFO. Det er trygt både for barn og vaksne med retningslinjer og gode rutinar.
- Det skal vere samanheng og heilskap i skulekvardagen. SFO er ein del av skulen si totale verksemd og skal bygge på same verdigrunnlag og pedagogiske plattform som skulen elles. Reglar om elevane sitt skulemiljø, gjeld også for skulefritidsordninga.

6.Barnehagen

a. Plan for samarbeid mellom barnehagane

Aktivitet/ opplegg	Målsetting/ innhald	Tidspunkt	Ansvarleg
Bli kjent samling	<p>Å bli kjent med barn frå andre barnehagar som ein skal begynne på skulen saman med.</p> <p>Startar alltid med ei presentasjonsamling og ein organisert aktivitet.</p> <p>Å gjere ting i lag som gruppe, som ein kan hugse tilbake på som noko positivt og kjekt.</p>	Veke 7	Ped.leiar sender invitasjon
Vintersamling	<p>Å bli kjent med barn frå andre barnehagar som ein skal begynne på skulen saman med.</p> <p>Startar alltid med ei presentasjonsamling og ein organisert aktivitet.</p> <p>Få positive felles opplevingar og erfaringar knytta til vinteraktivitet.</p>	Veke 11	Ped.leiar sender ut invitasjon
Vårfest	<p>Å bli kjent med barn frå andre barnehagar som ein skal begynne på skulen saman med.</p> <p>Startar alltid med ei presentasjonsamling og</p>	Veke 19	Ped.leiar sender ut invitasjon

	<p>ein organisert aktivitet.</p> <p>Få positive felles opplevingar og erfaringar knytt til det å vere i lag med komande skulekameratar.</p>		
Klassefest for 6 åringane	<p>Å bli betre kjent med dei barna som ein skal gå i klasse med.</p> <p>Startar alltid med ei presentasjonsamling og ein organisert aktivitet.</p> <p>Få besøk av læraren dersom dette er klart.</p>	Juni månad	Ped.leiar sender ut invitasjon

6 b. Innhald barnehagen

Barnehagane i sentrum, Vikalida, Tonning og Stryn Bedriftsbarnehage har med utgangspunkt i gjeldande lovverk, Rammeplan for barnehagar, eigne årsplanar og erfaringar kome fram til eit felles innhald for dei eldste barna i barnehagen.

Barnehagen har dei siste åra endra seg mykje både i forhold til lovverk, planar og innhaldet i barnehagane. Gjennom Stortingsmelding nr. 41 (Kvalitetsmeldinga) blir det lagt vekt på å styrke barnehagen som læringsarena, samtidig som ein skal ta vare på barnehagetradisjonen med barndomens eigenverdi og eit heilskapleg tilnærming til omsorg og læring.

Barnehagelova § 2 og vidare i rammeplanen kap. 1.7 står det at barnehagen skal vere ein pedagogisk verksemd.

"Barnehagen har ei viktig rolle som oppvekst-og læringsarena for barn under opplæringspliktig alder. Barnehagen skal støtte barns utvikling ut i frå deira eigne føresetnader og gje det enkelte barn og barnegruppa utfordringar."

"Barnehagen som pedagogisk virksomhet har sin egenart og tradisjonar som må ivaretakast samtidig som barnehagen sjåast i samheng med skulen si verksemd"

Rammeplanen har fylgjande hovedefokus;

Rammeplanen for barnehagen gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen. Samarbeidet med heimen til barna skal liggje til grunn for verksemda. Innhaldet i barnehagen skal byggje på eit heilskapleg

læringsssyn, der omsorg, leik, læring og danning er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse og sju fagområde viktige delar av læringsmiljøet i barnehagen, jf. kapittel 3.

Fagområda i rammeplanen

- * Kommunikasjon, språk og tekst
- * Kropp, rørsle og helse
- * Kunst, kultur og kreativitet
- * Natur, miljø og teknikk
- * Etikk, religion og filosofi
- * Nærmiljø og samfunn
- * Tal, rom og form

Innhaldet nedanfor viser grunnleggande ferdigheter og utviklingsområder som vi jobbar med for at barna i løpet av barnehagetida skal lære/ erfare/ utvikle.

Når barna går i barnehagen er dei barnehagebarn. Tilvenninga til skulen kjem naturleg inn gjennom samarbeidsopplegget mellom barnehagane og skulen. Barna skal ha ei positiv forventning til det å starte på skule, og det er viktig at dei vaksne rundt barnet er bevisste på dette.

6c. Innhald barnehagen/ med fokus siste året i bhg

Praktiske motoriske ferdigheter	Innhald
Vi jobbar for at barna i løpet av barnehagetida får lære grunnleggande ferdigheter som;	<ul style="list-style-type: none">• Kle på og av seg sjølv.• Henge opp kleda sine og halde orden på plassen sin sjølv.• Klippe med saks.• Teikning. Menneske og andre figurar som er gjenkjenneleg for andre.• Fargelegging.• Blyantgrep.• Øve på å bli sjølvstendig i toalettsituasjon.• Vaske hender etter toalettbesøk og før ein skal ete mat.

Lese og skrive førebauende aktivitetar	Innhald
<p>Siste året i barnehagen legg vi meir vekt på at barna lærer og får erfaring på fylgjande områder;</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skrive namnet sitt eller bokstaven sin. • Leikeskriving. • Kjenne igjen namnet sitt. • Begrepet bokstav og kva eit alfabet er. • Tekstskaping, vi skriv historier saman med barna. • Rim og regler. • Konsentrere seg og fylgje med ved forteljingar, lesing av bøker som varer over lengre tid.
Språkleg/ kommunikativ kompetanse	Innhald
<p>Vi jobbar for at barna i løpet av barnehagetida får lære språklege og kommunikative ferdigheter som;</p> <p>Alle barnehagane nyttar kartleggingsmatriell TRAS.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tidleg registrering av språkutvikling 	<ul style="list-style-type: none"> • Be om hjelp. • Fortelje/ formidle eit budskap slik at andre forstår det. • At alle språklydane er på plass. • Lytte til andre når dei snakkar. • Fylgje tema i samlingsstund. • Arbeider med begrep stor, liten, bak, framfor, ved sidan av, mindre enn, større enn, mellomst e.t.c. • God begrepsutvikling.
Sosial kompetanse	Innhald
<p>Vi jobbar for at barna i løpet av barnehagetida skal utvikle sosial kompetanse og emapti.</p> <p>Her nyttar barnehagane ulikt matriell. Stryn Bedriftsbarnehage nyttar det pedagogisk programmet Steg for Steg.</p> <p>Vikalida og Tønning barnehage nyttar det pedagogiske programmet «Det er mitt val» Alle</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenne igjen teikn på følelsar, slik at det er lettare å forstå kva ein sjølv føler og andre føler. • Utvikle empati; kunne sette seg inn i andre sin situasjon. • Mestring av sinne /Steg for Steg • Trening av problemløysing. • Å bry seg om andre, og reagere når

<p>barnehagane nyttar kartleggingsmatriell Alle Med.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Registrerer områder ved barnet si utvikling som; sosio/ emosjonell utvikling, leik, trivsel, kvardagsaktivitetar, sansing/ motorikk og språk. 	<p>andre har det vondt.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ta i mot fellesbeskjedar. • Vente på tur. • Halde fokus og vere konsentrert i samlingsstund. • Å lære "å seie god morgen" når dei kjem om morgonen og seie "hadet" når dei går om ettermiddagen. • Takke for maten, eller når dei får noko av andre. • Rekke opp handa når ein vil snakke i samlingsstund. • Korleis skal ein oppføre seg i ulike sosiale situasjonar; butikken, på besøk heime hos vener, bursdagar og lignende
<p>Leikekompetanse</p>	<p>Innhald</p>
<p>Leiken er den viktigaste læringsarenaen for barna, og vi jobbar for at barna skal få utvikle gode leikeferdigheter og utvikle venskap med andre barn.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Alle barn skal ha ein ven og vere ein ven for andre. • Lære å ta kontakt for å få leike. • Leike rolleleik. Rolletaking. • Leike regelleikar. • Halde fast på ein aktivitet over lengre tid. • Kunne inkludere andre i leiken. • Variasjon i leiketema. Kunne ta ulike roller.
<p>Antall, mengde og form</p>	<p>Innhald</p>
<p>Vi jobbar for at barna i løpet av barnehagetida får lære å erfare å jobbe med matematiske begrep som antall, mengde og form.</p> <p>Matematikk- leik skal vere på barnas premissar. Og det er deira naturlege interesse for tall, mengde og ulike former som skal vere utgangspunktet for arbeidet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenne til dei mest kjende formene som trekant, firkant, rektangel og sirkel. • Kjenne til mengde og antall. • Større enn, mindre enn. • Eldre enn, yngre enn. • Begrepet tall.

Matematikk lærast først og fremst gjennom naturlege kvardagssituasjonar , og er avhengig av bevisste vaksne som legg til rette for aktivitetar for barna. og som stiller gode spørsmål som fører til ny læring.

Barnehagane har tilgang til eit observasjonsmatriell som heiter MIO. Det er ingen av barnehagane som i dag brukar det til systematisk kartlegging, men det blir brukt som eit supplement i arbeidet med barns matematikk utvikling

- Fargar
- Kategorisering

7a.Årshjul for overgangen frå barnehage til skulen

Månad	I barnehagen	Samarbeid skulen	Samarbeid barnehagane
August		Skulestart	
September	Gjenbesøk skule/ barnehagen. 1.klassingane kjem på besøk til sin tidlegare barnehage.	Gjenbesøk skule/ barnehage. 1 klasse lærarane tek kontakt med pedagogisk leiar for avtale tidspunkt i veke 39.	
Oktober	Dei eldste i barnehagen besøker 1. klasse. Pedagogisk leiar tek kontakt med 1. klasse lærar og avtaler tid for besøk.	Gjenbesøk barnehage-skule. Pedagogisk leiar tek kontakt med 1. klasse lærar og avtaler tid for besøk i veke 43 eller 44.	
Oktober	Foreldresamtale i barnehagen. Orienterer om samarbeidet med dei andre barnehagane og skulen. Informere om utviklingslogg og innhenting av samtykke.	Kontakt mellom rektor og styrar i høve søknad spesialpedagogisk ressursar. Rektor kaller inn.	

November	Innskriving av elevar på Tønning skule. Personal frå barnehagen er med på innskrivinga	Innskriving av elevar på Tønning skule. Rektor kallar inn. Samarbeidsmøte for styrar, rektor, pedagogar, 1. og 2. klasselærarar, SFO for å diskutere faglege spørsmål for barnehage og skule. Andre inviterte etter kva tema som er sett opp. Rektor kallar inn.	
Januar	Informasjon til foreldre om samarbeidet mellom bhg/ skule. Foreldremøte eller informasjonsskriv.	Møte for planlegging av skule og barnehagebesøk ved styrar/ rektor, pedagogisk leiar og SFO leiar. Rektor kaller inn.	
Februar		Møte mellom rektor og pedagogisk leiar eller styrar før klassesdeling. Relevant informasjon i forhold til klassesdeling. Rektor kaller inn.	Bli kjent samling i veke 7. Pedagogisk leiar sender ut invitasjon.
Mars		Pedagogisk leiar og 5.klasse lærarane planlegg fordeling av faderar.	Vintersamling i veke 11. Pedagogisk leiar sender ut invitasjon.
April	Foreldresamtale Informasjon om utvklingslogg.	Besøk hos fadderklassen. Lærar og elevar har ansvar for opplegget.	
Mai	Foreldresamtale Informasjon om utvklingslogg.	Besøk i 1.klasse. Lærarane på trinnet har ansvar for opplegget. Besøke uteområdet. Lærar og elevar i	Vårfest i veke 19. Pedagogisk leiar sender ut invitasjon.

		5.klasse har ansvaret. Besøke SFO. Dagleg leiar SFO har ansvaret.	
Juni	<p>Overføring av opplysningar mellom barnehage og skule i møte. Overlevering av informasjon angående utviklingslogg for kvart enkelt barn.</p> <p>Utviklingslogg blir levert frå styrar til rektor og det skal kvitterast for overlevering og mottak.</p> <p>Eige overføringsmøte med rektor før førskuledagane dersom det er barn som treng dette. Barnehagen tek initiativ til dette.</p>	<p>Førskuledagar. Lærarane som skal ha klassen til hausten har ansvaret. Foreldre henter og bringer barna til førskuledagane.</p> <p>Barnehage personal skal vere med på førskuledagane.</p>	<p>Klassefest for 6 åringane. Pedagogisk leiar sender ut invitasjon. Besøk av lærarane til 1. kl. om det er klart.</p>
Juni		Besøk av fadderelevar til barnehagen. Teamleiar 5. trinn organiserer og tek kontakt med barnehagane.	

7b. Plan for møteverksemd gjennom året

Månad	Møte	Målgruppe	Innhald
August		Kontaktlærer	Får overlevert utviklingslogg frå rektor.
Oktober	Overføringsmøte	Møte mellom rektor og styrar. Rektor kaller inn. Pedagogisk leiar innhentar samtykke med foreldra i forkant.	Søknad om ekstra ressursar eller spesialpedagogiske ressursar.
November	Fagleg samarbeidsmøte	Rektor, lærarar i 1. og 2. klasse, SFO, styrar og pedagogisk leiar.	Diskutere fagleg innhald i barnehage og skule. Forventningar til samarbeid. Evaluere plan for overgang barnehage til skule.
Januar	Planleggingsmøte	Rektor, lærar 1.klasse, 5 klasse lærar, SFO leiar, styrar og pedagogisk leiar barnehage.	Tidfeste besøka til 1.klasse, bhg.besøk, fadderordning, SFO, fadderfordelingsmøte, klassedelingsmøte, evalueringsmøte.
Februar	Klassedelingsmøte	Styrar og pedagogisk leiar har møte med rektor.	Barnehagen formidlar ynskjer frå foreldra, og frå barnehagen angående klassedeling. Brev sendt ut frå skulen til foreldra på førehand med høve til å kome med innspel.
April	Fadderfordelingsmøte	Styrar/ pedagogisk leiar, lærarar frå 5. trinn.	Barnehagen og skulen finn fadrar til dei komande 1. kl. Elevane har vore med i prosessen, og barnehagen får utdelt lister over elevar i 5. klasse på førehand.
Juni	Overføringsmøte Foreldresamtale ved behov med skule eventuelt andre instanser.	Styrar/rektor, lærar til 1. trinn, pedagogisk leiar, leiar SFO.	Utviklingslogg for kvart barn blir gjennomgått på møtet.
Juni	Evalueringsmøte	Styrar, rektor, pedagogisk leiar, lærar og SFO leiar.	Evaluering av alle møtepunkt og aktivitetar gjennom året.

8.Overføring av opplysningar mellom barnehage/ skule

I fylgje Lov om barnehagar skal barnehagen ha samarbeid med skulen. Dette samarbeidet er naudsynt for å skapa kontinuitet i oppveksten til barna og for å skapa ein god og trygg overgang til skulekvardagen.

1.klasse er eit framhald av arbeidet som barnehagen har hatt med og for barna. Det skal vera samanheng mellom verdiar og haldningar som vert formidla.

Tilsette i barnehagen har teieplikt. Foreldre/føresette må gje løyve for at barnehagen skal kunna gje informasjon vidare til skulen.

At skolen får god informasjon om hvert barn før skolestart kan bidra til at skolen bedre kan legge til rette for individuelle læringsløp allerede fra skolestart. Informasjonen fra barnehagen må ha fokus på hva barnet kan og mestrer og på hva det kan trenge særskilt støtte til. Barnehagen kan også gi skolen informasjon om hva barna har opplevd, lært og gjort i barnehagen. Dersom barnehagen skal gi informasjon om enkeltbarn, skal foreldrene samtykke i dette.

Foreldres rolle ved overlevering av informasjon

Foreldre har en lovfestet rett og plikt til å ta avgjørelser på vegne av barnet, jf. barneloven § 30. Overgangen fra barnehage til skole skal skje i nært samarbeid med barnas hjem, og foreldrene må være med å legge premissene for informasjonsoverleveringen.

De må få innsyn i og avgjøre hvilken informasjon som følger barnet over i skolen. Foreldrene skal inviteres til å delta på møter som dreier seg om informasjon om sitt eget barn.

Prosedyrer for overføring av opplysningar

Det er barnehagen som eig informasjonen om barnet, og som saman med foreldra bestemmer kva informasjon som skal overførast til skulen. All informasjon som skal overførast til skulen, eller andre instansar skal skje i eit samarbeid med foreldra.

TRAS skjema, ALLE MED skjema skal ikkje utleverast. Barnehagen brukar utviklingslogg, sjå vedlegg.

Ved overføring av opplysningar til skulen eller andre instansar skal foreldra signere på samtykkeskjema. Sjå vedlegg.

Ved bruk av utviklingslogg skal denne utarbeidast i samarbeid med foreldra, og skal signerast av foreldra og barnehagen ved pedagogisk leiar og styrar.

Overføring av opplysningar om det enkelte barn frå barnehagen og foreldra blir gitt til lærar til barnet/ eleven på overføringsmøte i barnehagen. Dagleg leiar for SFO deltek også på dette møtet dersom

barnet skal gå på SFO. Opplysningane blir gitt ved gjennomgang av utviklingslogg for kvart enkelt barn.

Utviklingslogg skal leverast formelt frå styrar til rektor. Det er rektor som har ansvar for å oppbevare og handtere dei opplysningane som barnehagen og foreldra har gitt til skulen.

Informasjon blir overlevert gjennom utviklingslogg. Utviklingslogg blir overlevert for alle barn, med unntak av der foreldra har skrive under på at opplysningar ikkje skal overførast frå skule til barnehagen. Sjå samtykkeskjema.

Det er rektor som tek initiativ til overføringsmøtet og som planlegg møtet saman med styrarane.

9.Samarbeid med andre instansar

Sammenheng for barn med behov for særskilt tilrettelegging og oppfølging

I prinsippet er det dei same måla og tiltaka for god samanheng og vellykket overgang som gjelder for alle barn. Målet er å sikre kontinuitet i den individuelt tilpassa læringen. For barn med behov for særskilt tilrettelegging og oppfølging kan endringene i forbindelse med skolestart representere en særlig utfordring. Barnet skal møte særlige initiativ fra skulen si side, slik at det kan nyttiggjøre seg et stimulerende og tilrettelagt opplæringstilbud. Foreldre og barn skal slippe å oppleve utstøtende og stigmatiserende holdninger.

Instansar som kan vere aktuelle å samarbeide med i overgangen er;

- PPT – pedagogisk psykologisk teneste
- Barnevern
- BUP – Barne og ungdomspsykiatrisk
- Helsestasjon
- Flyktningkontor

I enkeltsaker der barnehagen har eit samarbeid med andre instansar, har desse instansane ei rolle i overgangen barnehage/ skule. Har det vore samarbeid med andre instansar skal dette opplysast om i utviklingsloggen til barnet.

Der ein instans har vore inne med tiltak i barnehagen, skal der vere eit eige overføringsmøte med den aktuelle instans, foreldra, pedagogisk leiar, styrar kontaktlærar, rektor. Dersom barnet skal gå på SFO, skal også SFO leiar vere med. Styrar i samarbeid med pedagogisk leiar har ansvar for dette møtet.

Der det er oppretta ansvarsgruppe kring barnet, skal eit av møta på våren før skulestart ha overgang som tema og kontaktlærer skal vere med. Det er leiar i ansvarsgruppa som har ansvar for dette møtet.

Den som er ansvarleg for møta, har ansvar for at erklæringar om samtykke er innhenta.

Andre aktuelle samarbeidsformer:

- Ha overgang barnehage/ skule som tema på tverrfaglege møter i barnehage og skule.
- Invitere andre instansar til foreldremøte i barnehagen med overgang som tema.

10.Evaluering av plan

Denne planen er gjenstand for evaluering kvart år gjennom planleggings og evalueringmøte mellom barnehagen og skulen.